

**Telenor har no svara på protestane frå Korsnes mot den planlagde basestasjonen som skal settast opp. Telenor Telecom Solutions slår fast at når det gjeld elektromagnetiske felt eller grenseverdiar følgjer dei gjeldande retningsliner frå Statens Strålevern og WHO (verdask helseorganisasjon).**

Telenor anser at den omsøkte plasseringa for den planlagde basestasjonen ivaretek gjeldande retningsliner med omsyn til grenseverdiar for stråling og det med god margin. Telenor minnar også om at betre dekning (signalstyrke) fører til at handsett i området reduserer eigen utstråling.

Telenor kan flytta stolpen vekk frå toppen og ned ved siden av hytta men då må stolpen aukast frå 10 til 14 meter. Alternativt kan dei setja opp ein lågare stolpe på toppen eller ei gittermast som er mindre synleg i horisonten enn ein stolpe.

Plasseringa er gjort av omsyn til betre mobildekning i området. Hvis denne stasjonen skulle bli avslått, vil Telenor måtte byggja fleire stasjoner i området for å oppnå tilsvarende dekning. Det er vanskeleg å finna andre alternativ, eventuelt må det byggjast fleire små stasjonar – også inne i boligfelt. Telenor anser difor at alternative løysingar er uheldig ved at det vil føra til større belastningar enn denne plasseringa.

Av Ola Matti Mathisen